ULSTEIN
NÆRINGSFORUM

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I ULSTEIN NÆRINGSFORUM (UNF)

Torsdag 11. mars 2021 vart det avhelde årsmøte i Ulstein Næringsforum. Møtet var i Sjøborg kulturhus kl 17:00.

Styreleiar Steinar Kulen ønskte velkomen. Før sjølve årsmøtet blei avheldt, gav dagleg leiar Daniel Garden ei orientering om aktivitetane i 2020 samt planlagde aktivitetar for 2021.

En gjekk deretter over til sjølve behandlinga av årsmøtesakene.

Det var registrert 54 frammøtte røyster og 57 fullmaktsrøyster. Totalt 111 røyster var representert. Årsmøtet var vedtaksfør.

ooo

1. Opning av møtet

Val av møteleiar og 2 personar til å underskrive protokollen saman med møteleiar
- *Steinar Kulen vart vald som møteleiar.*
- *Henrik von Ubisch og Målfrid Kleven vart vald til å underskrive protokoll.*

2. Godkjenning av styrets årsmelding for 2020, årsrekneskapen for 2020, disponering av resultat for 2020 og revisors beretning.

Styret si årsmelding, årsrekneskapen og melding frå rekneskapsførar vart gjort tilgjengeleg saman med andre årsmøtesaker.

Styrets årsmelding blei gjennomgått. Hovudpostane i resultatrekneskapen og balansen for 2020 blei gjennomgått. Meldinga frå UNF sin revisjonskomité blei opplest. Det var ingen spørsmål til årsmeldinga, årsrekneskapen eller meldinga frå revisjonskomiteen.

Årsmøtet godkjende samrøystes styret si årsmelding, resultatrekneskapen og balansen og tok meldinga frå revisjonskomiteen til vitande. Styrets forslag om at resultatet førast mot eigenkapitalen vart samrøystes godkjend.

Styret si årsmelding, årsrekneskapen og melding frå revisjonskomité skal leggast ved protokollen.

3. Fastsetting av kontingent og serviceavgift for 2022 og honorar til revisor.

Styret fremja forslag overfor årsmøtet om å halde kontingent og serviceavgift for 2022 uendra i forhold til 2021.

Type medlem	Medlems-kontingent	Serviceavgift
Kategori 1: 0-4 årsverk	1 000	1 000
Kategori 2: 5-10 årsverk	1 000	2 000
Kategori 3: 11-50 årsverk	1 000	10 000
Kategori 4: 51-100 årsverk	1 000	25 000
Kategori 5: over 100 årsverk	1 000	50 000
Kategori 6: Lag og organisasjonar	1 000	2 000
Kategori 7: kjøpesenter	1 000	20 000
Kategori 8: bankar	1 000	50 000
Kategori: Ulstein kommune	1 000	Opptil 750 000 mot at øvrige medlemer betalar inn like mykje

Årsmøtet godkjende styrets forslag om uendra kontingent og serviceavgift for 2021.

UNF har ikkje hatt revisor i 2020 og har såleis heller ikkje betalt honorar
Det er oppnemna ein revisjonskomité med kunnige representantar frå to medlemsverksemder, som heller ikkje mottek honorar. Det gjerast derfor ikkje vedtak om honorar til revisor.

4. Val av styreleiar, medlemer til styret og varamedlemer, leiar for valkomitéen, valkomitémedlemer og revisorkomité

Leiar for valkomitéen, Kjersti Kleven, presenterte valkomiteen si innstilling og grunngav denne.

Årsmøtet vedtok samrøystes valkomiteen si innstilling, og styret har følgjande samansetting og funksjonstid:

Funksjon	Namn	Medlem	Funksjonstid
Styreleiar Styremedlem	Are Nørvåg Garshol	Mare Safety AS	2021-2022 2021-2023
Styremedlem	Helene Holstad	AMFI Drift AS	2021-2023
Styremedlem	Stig Brautaset	SpareBank 1 Søre Sunnmøre	2020-2022
Styremedlem	Knut Erik Engh	Ulstein kommune	2020-2022
Styremedlem	Oddhild Sandanger	HRG Nordic	2020-2022
Styremedlem	Anita Muren	Maluns	2021-2023
Styremedlem	Jogeir Romestrand	Evoctec AS/Rome AS	2021-2023
1. varamedlem	Kathrine Gåsvik Ulstein	Blåhuset	2021-2023
2. varamedlem	Arnt Ole Grimstad	Sunnmøre Folkehøgskule	2021-2023
3. varamedlem	Hege Karete Hamre	Sparebanken Møre	2020-2022

Styret innstiller på følgande samansetting av valkomité:

Funksjon	Namn	Medlem	Funksjonstid
Leiar	Kjersti Kleven	John Kleven AS	2021-2022
Medlem	Verner Larsen	Ulstein kommune	2021-2022
Medlem	Ellen Kvalsund	Sparebanken Møre	2021-2022

Årsmøtet vedtok samrøystes styret si innstilling.

Valkomiteen innstiller på følgande samansetting av revisjonskomité:

Funksjon	Namn	Medlem	Funksjonstid
Medlem	Steinar Nummedal	Ulstein kommune	2020-2022
Medlem	Antoni Knotten	Hasund AS	2021-2023

Årsmøtet vedtok samrøystes valkomiteen si innstilling.

5. Endring av Ulstein Næringsforum sine vedtekter
Styret la fram forslag til endringar i vedtektene sine §§ 6 og 9. Desse vart vedteke av årsmøtet, og nye fullstendige vedtekter vedleggast protokollen.

6. Innkomne forslag
Det var ikkje kome inn andre forslag.

Årsmøtet blei deretter heva.

Ulsteinvik , 18. mars 2021

Steinar Kuleli
Møteleiar

Målfrid Kleven

Henrik von Ubisch